

Astrid og Magnar Askeland

Rosslandsvegen 293

5918 FREKHAUG

27.10.2017

Meland Kommune

5918 FREKHAUG

SØKNAD OM ENDRING AV AREALFORMÅLET I KOMMUNEPLANEN

Vi vil med dette be om å få endra arealformålet i delar av B9, gnr. 22, bnr.4 Tonesmarka på Mjåtveit.

Arealet som er under B9 er 25 dekar.

I staden for fortetta småhusbebyggelse på heile arealet, ynskjer me kun å ha dette lengst nord på arealet. I midtområdet ynskjer me å laga eit aktivitetsområde, og å byggja eit forsamlingshus. Dette inneber at me ynskjer å utvikla eit område på mellom 5 og 8 dekar til dette formålet.

Me har tenkt å laga til baner for ulike ball- aktivitetar, leikeområder og sosiale samkomster.

Aktivitetsområde og forsamlingslokale er tenkt utvikla i samarbeid med Kristent Fellesskap Nordhordland. Vårt mål er først og fremst å utvikla denne delen av området slik at den blir brukt til aktivitetar for born og unge.

Området blir vurdert til å vera svært gunstig for formålet. Arealet er rimeleg godt skjerma, samstundes som det er lett å koma til på gang og sykkelstiar frå Frekhaug til Dalstø. Området har mange beboarar, og ein svært ung befolkning. Eit slikt tiltak manglar i kommuneplanen.

KF.Nordhordland har omlag 70 barn i barnearbeidet pr. no, i tillegg til at me har ungdomsarbeid mm.

Når det gjeld forsamlingslokale, tenkjer me at dette vil kunna romma aktivitetar som familiesamlingar på søndagar, speidar/friluftsgrupper, barnekor, musikkmiljø, dansegrupper, småbarnstreff, pensjonisttreff mm. Lokalet vil også bli brukt til konfirmasjonar, bryllup og feiringar når det er kapasitet til det.

Me har tidlegare i samband med utarbeiding av kommuneplanen kome med innspel om dette, og viser til «Utdrag fra konsekvensutgreiingar for kommuneplanens arealdel» som me legg ved.

På den delen som ligg nærmest grønnstruktur delen, dvs. lengst sør, ynskjer me ei noko mindre tett utbygging enn det kommuneplanen legg opp til.

Me stiller gjerne i UDU eller i andre fora og orienterer nærmere om planane våre. Vonar på positivt svar.

Mvh. Astrid og Magnar Askeland